



Kriseplan for Norddal kommune



INNHALD

Plan for kriseleiing i Norddal kommune

1. Innleiing

- 1.1 Generelt
- 1.2 Katastrofer / ulykker
- 1.3 Kommunen sine oppgåver
- 1.4 Plan for kriseleiing i kommunen
- 1.5 Fordelingsliste

2. Kriseleiing

- 2.1 Kriseleiinga i Norddal kommune
- 2.2 Fullmakter
- 2.3 Etablering
- 2.4 Kriseleiinga sine oppgåver
- 2.5 Loggføring
- 2.6 Opplæring
- 2.7 Ajourhald
- Vedlegg 1 Rapportmal

3. Varslingslister

Beredskapskatalogen

4. Handlingsplanar for hendingar

5. Ressursar

6. Rettleiar for kriseplanlegging

7. Faktaark frå Statens Strålevern

8. Ymse vedlegg

9. Informasjonsplan

INNLEIING

1. Generelt

Katastrofar, alvorlege ulykker og svikt i samfunnsviktige funksjonar avslører ofte at samfunnet ikkje er godt nok førebudd på å handtere vanskelege situasjonar tilfredsstillande. Sjølv mindre hendingar resulterer ofte i vesentlege tap for menneske eller verksemder og skade på miljøet. Med enkle midlar vil ein kunne unngå mange slike situasjonar.

2. Katastrofer / ulykker

Som eksempel på katastrofer / større ulykker som kan inntreffe i vår kommune, kan ein nemne:

Storm / orkan	Olje- og kjemikalieforureining
Flaum	Svikt i straumforsyninga
Snøras / jordras / leirras	Radioaktivt nedfall
Større skog-/ lyngbrannar	Svikt i vatn- og avlaupssystemet
Industribrannar	Eksplisjonar
Sabotasje eller hærverk	Større trafikkulykker

I dei fleste høve vil hendingar som er nemnt ovanfor, ikkje vere av større omfang enn at redningstenesta vil ha kapasitet til å takle situasjonen. Redningstenesta vert leia av politiet og omfattar brannvesenet, helsetenesta, industrivernet, forsvaret, sivilforsvaret m m.

Dersom det skjer ei omfattande katastrofe eller ulykke, og dei ordinære innsatsorgana sine resursar ikkje strekk til, kan kommunen bli engasjert i rednings- og oppryddingsaksjonar. I slike situasjonar vil det bli stilt store krav til kommunen, også utover det å stille resursar til disposisjon.

Politiet er ved lov pålagd å leie redningsarbeidet dersom det er fare for skade på eller tap av liv. Etter den nye politilova er politiet no pålagd ansvaret for **akuttinnsatsen**, også dersom det er berre fare for materielle verdiar. Ved slike hendingar skal kommunen overta leiinga så snart han har fått etablert seg. Fylkesmannen skal ha samordningsansvaret ved større katastrofar , eller om hendinga femner om fleire kommunar,.

Etter loven er brannvesenet forplikta til innsats også ved andre akutte ulykkessituasjonar, og det er brannsjefen som har leiinga på ein skadestad inntil politiet tek over.

Kommunen har ansvaret for at samfunnet fungerer mest mogleg som normalt.

3. Kommunen sine oppgåver

Eksempel på kva kommunen kan få ansvaret for å handtere i ein krisesituasjon:

- Ta hand om skadde personar
- Omsorg for personar som har vore utsett for påkjenningar
- Evakuering av personar frå eit utsett område
- Innkvartering av evakuerte, skadde og/eller redningsmannskap
- Informere om situasjonen i kommunen og gi retningsliner
- Forpleining eller anna forsyningsstøtte
- Sikre helsemessig trygge næringsmidlar og drikkevann
- Rette opp skadar på kommunikasjon og andre anlegg
- Opprydding, oppreinsking, avfallsdeponering og annan innsats for å verne miljøet
- Vern om kulturelle verdier

4. Plan for kriseleiing i kommunen


Kommuneleiinga har ansvaret for at det blir gjort beredskapsførebuingar innan dei ulike kommunale aktivitetsområda, og har i tillegg eit generelt ansvar for innbyggjarane sitt ve og vel i ein krisesituasjon, **både i fred og krig.**

Kriseplanen for Norddal kommune er ein samordna plan for **leiinga**, og vil vere eit naudsynt hjelpemiddel for at kommunen skal kunne reagere raskt og effektivt i kritiske situasjonar.

Denne planen skal ikkje erstatte eksisterande planar som er utarbeidd av kommunale etatar. Eksempel på slike er nemnt i skissa nedanfor.



Kriseplan for
kommuneleiinga



Fagberedskapsplanar, til dømes innan brannvern, helse,
flyktingar, gassutslepp, kjemikalier, osb

Kriseplanen erstattar ikkje andre delplanar. Han er ei samling av strategiske opplysningar om personell, utstyr og tiltak. Kriseleiinga bør i tilstrekkeleg grad vere kjent med innhaldet i delplanane slik at dei, i ein gjeven situasjon, kan gjere seg nytte av desse.

I tillegg er det ved rådmannskontoret ein **kommuneomleggjingsplan** der fylkesmannen ved enkle ordrar skal kunne gi kommunen pålegg som omstiller samfunnet frå fred til krig. Alle sektorar innan kommunen har plikt til å ha eit ajour planverk for ein beredskapssituasjon

5. Fordelingsliste

1. Ordfører
2. Varaordfører
3. Rådmann
4. Rådgjevar Helge Svensvik
5. Rådgjevar Mette Holand Tøsse
6. Leiar FDV, Elisabeth Mansfield
7. Lensmannen
8. Beredskapsansvarleg
9. Beredskapssekretariat v/leiar
10. IKT-ansvarleg
11. Soknepresten
12. HV-områdesjefen
13. Fylkesmannen
14. Norddal Elverk
15. Sparebanken Møre
16. Valldal Postkontor
17. Trygdekontoret
18. Rasjoneringskontoret
19. Brannsjef
20. Kommunelege
21. Muritunet

KRISELEIING

1. Kriseleiing i Norddal kommune

- * Ordføraren
- * Rådmann
- * Rådgjevar
- * Verksemdsleiar forvaltning, drift og vedlikehald
- * Beredskapskonsulenten
- * Lensmannen

Kriseleiinga utgjer samstundes beredskapsrådet sitt arbeidsutval. Dette skal ha møte **minst 2** gonger årleg. Beredskapskonsulenten er ansvarleg for innkalling og for å føre møteprotokoll.

Dersom nokon av medlemene i kriseleiinga blir merksam på ei hending - eller noko som **kan** hende - og som denne meiner kan krevje handling frå kommunen, har kvar einskild medlem **rett og plikt til å kalle saman kriseleiinga.**

Kriseleiinga nyttar kommunen sitt beredskapssekretariat som stab under innsatsen.

Alt etter omfanget av hendinga avgjer kriseleiinga om heile eller delar av beredskapsrådet - eller andre - skal kallast inn som rådgjevarar. Kriseleiinga avgjer òg om det skal søkjast hjelp frå Sivilforsvaret, Heimevernet, friviljuge hjelpeorganisasjonar, idrettslag eller andre.

NB: Dersom lokal redningsentral (LRS) er etablert, må bruk av desse organisasjonane avtalast med LRS!

Alle tilsette i kommunen skal vere orientert om at dersom dei får kjennskap til store ulykker eller katastrofar, så skal dei straks søkje kontakt med næraste overordna.

2. Fullmakter

I ein akuttsituasjon, der det ikkje er tid til å kalle saman formannskap eller kommunestyre, har kriseleiinga ved kommunestyrevedtak den 8. november 2001 fått fullmakt til å nytte naudsynte midlar for å avverje eller avgrense skade. Denne fullmakta er gitt med heimel i kommunelova § 13.

3. Etablering

- * Kriseleiinga etablerar seg i kommunestyresalen på rådhuset.
- * Beredskapssekretariatet etablerar seg på kantina eller i kommunestyresalen.
- * **Samband:**

I kommunestyresalen er 7 telefonuttak, dette antalet kan doblast. I tillegg er her eit uttak for edb. Ved etablering av kriseleiing skal kriseleiinga ta med sine telefonapparat til kommunestyresalen. Telefaks blir å hente frå servicetorget.

Dei 7 telefonuttaka som er her, er montert slik at sentralbordet kan sperre dei for inngåande samtalar som ikkje går om sentralbordet.

Dersom telesambandet ikkje fungerer, må ein improvisere ved hjelp av radiosamband, jfr ressursoversikt i del 5.

Antenne for **TV** er montert på rådhusstaket, og uttak er i nordvestleg hjørne i kantina.

* **Utstyr:**

Naudsynte kart kan hentast frå teknisk sektor. I tillegg har ein digitale kart som ein også kan få ut på berbar PC. Mykje informasjon frå kriseplanen er kobla saman med digitale kart. Beredskapskonsulenten tar med skjema for loggføring, meldingsblankettar, skrivesaker, relevante beredskapsplanar m m.

* **Ansvar:**

Ansvarleg for organiseringa er beredskapskonsulenten.

Rådhuset har ikkje eige aggregat. Ein har prioritert kursar med tanke på bruk av aggregat.

4. Kriseleiinga sine oppgåver

- * Innhente opplysningar om situasjonen i kommunen
- * Treffe vedtak om tiltak for å hindre / redusere skadar på personar, miljø og materielle verdiar
- * Prioritere ressursar frå kommunen si side
- * Halde kontakt med LRS, eventuelt skadestadsleiinga, dersom ikkje LRS er etablert.
- * Utarbeide og sende ut informasjon til innbyggjarane og media

NB: Dersom LRS er etablert, skal all informasjon om sjølve skaden gå ut derifrå!

- * Gi rapport om situasjonen i kommunen til fylkesmannen. Bruk rapporteringsmalen, vedlegg 1.

5. Loggføring

Beredskapssekretariatet avgir ein person som loggførar for kriseleiinga. Alle kommunale verksemdar skal føre eigen logg.

6. Opplæring

Adressatane innan kommunen skal **minst ein gong årleg** gå gjennom kriseplanen med sine tilsette. For nytilsette skal planen bli gjennomgått i den første månaden av tilsettinga.

7. Ajourhald

Kriseplanen skal ajourførast i første kvartal kvart år. Beredskapskonsulenten har ansvar for ajourhaldet.

Norddal, den 1. april 2002

Arne Sandnes
ordførar

RAPPORTMAL

Mal for rapportering frå kommune til fylkesmann eller politimeister.

Det skal berre rapporterast om aktuelle punkt, og berre der det er endring frå førre rapport.

Strekpunkta blir å bruke som hugseliste/momentliste.

HUGS NAMNET PÅ KOMMUNENE SOM SENDER RAPPORTEN, DATO OG UNDERSKRIFT

1. OVERSIKT OVER SITUASJONEN

- generell omtale av situasjonen (hending, tid og stad)
- vurdering av situasjonen komande døgn
- vurdering av trong til ressursar komande døgn

2. TILTAK SOM ER IVERKSATT

-

3. TILTAK SOM BLIR VURDERT IVERKSATT

-

4. ETABLERT BEREDSKAPSORGANISASJON

- eigen kristestab (kriseleiing), eventuelle organisasjonsendringar
- møte i beredskapsrådet

5. ANDRE OPPLYSNINGAR

- Forsyning

- Helse/sosial

- primærhelsetenesta, institusjonar, heimebaserte tenester
- skadar på og truslar mot liv og helse (evakuerte, skada, daude)

- Informasjon til publikum og media

- Kultur/kyrkje

- Miljø/naturvern

- Samband

- Samferdsle

- Skule/barnehage

- Spesielle spørsmål knytta til økonomi

- Teknisk

- avlaup/renovasjon
- kraftforsyning
- vassforsyning

VARSLINGSLISTER

- 3.1 Kriseleiinga i Norddal kommune
 - 3.2 Beredskapssekretariatet i Norddal kommune
 - 3.3 Beredskapsavdelinga hos fylkesmannen
 - 3.4 Nøkkelpersonell i Norddal kommune
 - 3.5 Omsorgsberedskapsgruppa i Norddal kommune
 - 3.6 Ikkje-kommunale nøkkelpersonar i/utanfor Norddal kommune
 - 3.7 Friviljuge organisasjonar i Norddal kommune
 - 3.8 Varpling av innbyggjarane i Norddal kommune
 - 3.9 Varpling av helsepersonell
-
- 3.15 Beredskapsvarsel til statlege etatar i Norddal kommune